



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
22/232945-2

Dykkar referanse:  
22/8027 – 22/88320

Vår dato:  
14.12.2022

### Uttale til søknadspliktig tiltak – ny tilkomstveg – gnr. 56 bnr. 17 – Alver kommune

Vi viser til brev i frå Alver kommune, dagsett 18.11.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF- føremålet i KPA for etablering av ny privat veg, med avkøyrsløse frå kommunal veg.

#### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindås 2019–2021 sin arealdel er definert som LNF.

Tiltaket ligg i omsynssone H570-bevaring kulturmiljø

Tiltaket krev dispensasjon frå arealformål LNF



Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

## Uttale

Delar av vegtraseen som det vert søkt om dispensasjon for, går gjennom omsynsona til Den Trondhjemske postveg. Postvegen var den første hovudvegen på Vestlandet, etablert i 1790 årene, og stod naturleg nok sentralt i postgangen mellom Bergen og Trondhjem. Dette kulturminnet som er av nasjonal verdi gjekk gjennom gamle Lindås kommune, no Alver kommune, frå Isdalstø til Fonnebustsjøen.

Statens vegvesen er eigar av postvegen. Slik vi oppfattar oversendt dokumentasjon, så har vegsaka vore oppe som sak i jordskifteretten. Retten har lagt til grunn ei framføring av veg slik vedlagte kart viser. Statens vegvesen ser at deler av vår eigedom og kulturminne blir ein del av denne vegen. Det er sjølv sagt utfordrande at kulturminnet vert brukt til veg med moderne ferdslø. Vi legg likevel konklusjonen til jordskifteretten til grunn. Vi ber om at ein vurderer om det er mogleg å lokalisere ny vegtrase vest av omsynsonen til Den Trondhjemske postveg. Det vil vere til kulturminne sitt beste.

I dei seinare åra er det arbeida mykje med å ivareta og restaurere postvegen i kommunen. Difor har kommunen lagt inn ei omsynssone kring kulturminne for å kunne ivareta og sikre han for framtida. Omsynsona er på 10 meter frå kant av vegkroppen. Omsøkte tiltak griper inn i denne omsynssona også inn i sjølvvegkroppen, og bidrar soleis ikkje til ivaretaking av kulturminne.

Dersom Alver kommune i denne saka skulle fatte eit eventuelt positivt vedtak med dispensasjon frå LNF føremålet, så stiller vi krav om at tiltaket blir utført på ein slik måte at ein ikkje påfører postvegen skader. Framføring av veg skal overvakast av kulturminnemynde med vegkompetanse. Videre stiller vi krav om at postvegen blir synleggjort og tilrettelagt på staden på ein måte som varettek kulturminnet for framtida. For sistnemnde skal dette utførast i samarbeid med Statens vegvesen som vegeigar, ved Vegmuseet.

Dersom Alver kommune fattar eit positivt vedtak i denne saka må nemnte krav gå tydeleg fram av vedtaksbrevet som vilkår knytt til dispensasjonen.

Vi ber om å få oversendt vedtak i saka for klagevurdering.

Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER